

MOM C-gransking ved lokaliteten  
Ospeneset  
i Lindås kommune



R  
A  
P  
P  
O  
R  
T

**Rådgivende Biologer AS 1999**





# Rådgivende Biologer AS

**RAPPORT TITTEL:**

MOM C - gransking ved lokaliteten Ospeneset i Lindås kommune.

**FORFATTARAR:**

Bjarte Tveranger, Mette Eilertsen og Thomas Tveit Furset.

**OPPDRAKSGJEVAR:**

Eide Fjordbruk AS

**OPPDRAGET GITT:**

mai 2014

**ARBEIDET UTFØRT:**

juli 2014

**RAPPORT DATO:**

13. januar 2015

**RAPPORT NR:**

1999

**ANTAL SIDER:**

28

**ISBN NR:**

ISBN 978-82-8308-130-5

**EMNEORD:**

- Resipientgransking	- Oksygenmetting
- Lindås kommune	- Sedimentkvalitet
- Hordaland Fylke	- Blautbotnfauna

**KVALITETSOVERSIKT:**

Element	Akkreditering
Prøvetaking	Søkt etter NS-EN ISO / IEC 17025 (2005)
Kjemiske analyser	Akkreditert underleverandør Eurofins Norsk Miljøanalyse AS
Sortering blautbotnfauna	Akkreditert underleverandør Havbrukstjenesten AS
Artsbestemming blautbotnfauna	Akkreditert underleverandør Havbrukstjenesten AS
Vurdering av resultat	Søkt etter NS-EN ISO / IEC 17025 (2005)
Rapportering	Søkt etter NS-EN ISO / IEC 17025 (2005)

**RÅDGIVENDE BIOLOGER AS**

Bredsgården, Bryggen, N-5003 Bergen

Foretaksnummer 843 667 082-mva

Internett : [www.radgivende-biologer.no](http://www.radgivende-biologer.no)

E-post: [post@radgivende-biologer.no](mailto:post@radgivende-biologer.no)

Telefon: 55 31 02 78    Telefaks: 55 31 62 75

*Framsidedeilete: Frå anlegget ved Ospeneset 24. juni 2011.*

## FØREORD

Rådgivende Biologer AS har på oppdrag frå Eide Fjordbruk AS utført ei MOM C-gransking på oppdrettslokalitet nr 19655 Ospeneset i Lindås kommune. Lokaliteten er godkjent for ein maksimalt tillaten biomasse (MTB) på 3120 tonn.

Eide fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS søkte i august 2012 om løyve til utviding av MTB frå 1560 tonn til 3120 tonn og justering av anlegget ved Ospeneset. Fylkesmannen i Hordaland i løyve dagsett 12. desember 2013 har stilt krav om å gjennomføre ei resipientundersøking med MOM C etter to år i drift med ny MTB for å kartleggje forureiningseffekten anlegget har på resipienten. Denne rapporten presenterer resultat og vurdering av tilstand i resipienten frå ei MOM C-gransking med innsamling av sediment og botndyr samt hydrografiske profilar den 2. juli 2014.

Rådgivende Biologer AS takkar alle som har bidrege til denne rapporten. Analysar av sediment er gjort av det akkrediterte laboratoriet Eurofins Norsk Miljøanalyse AS avd. Bergen. Sortering og artsbestemming av botnfauna er utført av akkreditert laboratorium Havbrukstjenesten AS.

Rådgivende Biologer AS takkar Eide Fjordbruk AS ved Arne Staveland for oppdraget, og lån av båt og assistanse ved feltarbeidet.

Bergen, 13. januar 2015

## INNHALD

Føreord.....	2
Innhald .....	2
Samandrag.....	3
Områdeskildring.....	4
Oppdrettslokalitet Ospeneset .....	6
Metode og datagrunnlag .....	7
Resultat .....	11
Sjiktning og hydrografi .....	11
Sedimentkvalitet .....	12
Blautbotnfauna.....	16
Tilhøvet til naturmangfaldlova.....	21
Vurdering av tilstand .....	21
Referansar .....	23
Om marin blautbotnfauna .....	25
Vedlegg.....	26

# SAMANDRAG

**Tveranger, B., M. Eilertsen & T.T. Furset 2015**

*MOM C – gransking ved lokaliteten Ospeneset i Lindås kommune*

*Rådgivende Biologer AS, rapport 1999, 28 sider. ISBN 978-82-8308-xxx-x.*

Rådgivende Biologer AS har på oppdrag frå Eide Fjordbruk AS utført ei MOM C-gransking på oppdrettslokalitet nr 19655 Ospeneset i Lindås. Den 2. juli 2014 vart det samla inn prøvar av sediment og botnfauna på tre stasjonar frå nær lokaliteten og eit stykke ut i resipienten i Austfjorden, samt hydrografiprofil på den djupaste stasjonen i fjordbassenget.

Lokaliteten Ospeneset ligg i ytre del av Austfjorden litt nord for Sævråsvåg i Lindås kommune i Hordaland. Anlegget ligg om lag 80 m frå land i lengderetning nordaust – sørvest, og ligg eksponert til med vindretningar frå nordvest og søraust. Under anlegget er det 120–350 m djupt, og botn i området skrånar bratt nedover frå land i lokalitetsområdet til over 650 m djup ca 400 m frå land. Det er over 600 m djupt 5-6 km både innover og utover i Fensfjorden/Austfjorden frå lokaliteten.

Granskinga den 2. juli 2014 synte god oksygenmetting tilsvarande tilstandsklasse I= ”svært god” ved det djupaste punktet i resipienten til anlegget. Det er sedimenterende tilhøve ved dei tre stasjonane, og glødetapet i sedimentet er noko forhøgja, men nedbrytingstilhøva i sedimentet og sedimentkvaliteten forøvrig tyder på normale nedbrytingstilhøve i resipienten til anlegget. Nivået av kopar var høgt på stasjonen nærast anlegget (tilstand IV = ”dårlig”) og lågt på dei øvrige stasjonane (tilstand II = ”god”). Nivået av sink var lågt på samtlege stasjonar tilsvarande tilstandsklasse I = ”bakgrunn”.

I høve til MOM C-indeksen for botndyr hamna stasjon C1 og C2, i nær- og overgangssona i beste klasse (miljøtilstand 1). Blautbotnfaunaen i høve til rettleiar 02:2013 viste til god økologisk tilstand (tilstandsklasse "god") på samtlige lokalitetar og framstod som upåverka av organiske tilførselar.

Resultat frå resipientgranskinga syner at anlegget ved Ospeneset i liten grad påverkar resipienten negativt og syner at Austfjorden har god kapasitet til omsetting av organiske tilførselar.

**Tabell 1.** Oppsummering av miljøtilstand for ulike målte parametrar på stasjon C1-C3 i resipienten til Ospeneset 2. juli 2014. Gjeldande parametrar for miljøtilstand ved lokaliteten har fargekodar. Vurdering av botnfauna i nær- og overgangssona er i høve til NS 9410:2007, medan rettleiar 02:2013 er gjeldande for fjernstasjonen. Fargekodar tilsvarar tilstandsklassifisering etter rettleiar 02:2013, tilstand I (blå), II (grøn), III (gul), IV (oransje) til V (raud). Soneinndeling for kvar stasjon er markert som n= nærsone, o = overgangssone, f = fjernstasjon.

Stasjon	NS 9410:2007			Rettleiar 02:2013				
	pH/Eh	Fauna	Miljøtilstand	TOC	O <sub>2</sub> botn	nEQR grabb	nEQR stasjon	Økologisk tilstand
C1 (n)	I	I	Meget god	V	-	0,653	0,654	God
C2 (o)	I	I	Meget god	V	-	0,775	0,799	God
C3 (f)	I	I	Meget god	V	1	0,703	0,711	God

## OMRÅDESKILDRING

Lokalitet Ospeneset ligg i ytre del av Austfjorden i Lindås kommune i Hordaland. Lokaliteten ligg litt nord for Sævråsvåg, ope og nordaustvendt ut mot Austfjorden (**figur 1**), og den ligg eksponert til med vindretningar frå nordvest og søraust. Botn i området skrånar bratt nedover frå land i lokalitetsområdet til over 650 m djup berre ca 400 m frå land. Det er over 600 m djupt 5-6 km både innover og utover i Fensfjorden/Austfjorden frå lokaliteten. Fjorden er djup heilt ut mot havet, med grunnaste parti mellom Mongstad og Sandøy på ca 370 meter.



**Figur 1.** Utsnitt av Fensfjorden/Austfjorden med avmerking av lokaliteten Ospeneset (raud firkant). Kartet er henta frå <http://kart.fiskeridir.no/adaptive>.

Anlegget er plassert om lag vinkelrett ut frå land litt søraust for Ospeneset omlag i retning nordaust-sørvest, ca. 80 m frå land (**figur 1** og **2**). Anlegget ligg over ein ujamnt skrånande bakke med ei djupne på ca. 120–350 m under anlegget (**figur 4**). Det skrånar svært bratt frå land ned til ca 100 meters djup, der det går noko slakare ned til ca 150 meters djup, før det går bratt ned vidare til over 350 meters djup. Eit anlegg plassert i dette området ser med omsyn til belastning og resipientkapasitet ut til å ha ei svært gunstig plassering. Ut frå kartet verkar det ikkje å vere nokon tersklar i området eller vidare utover i fjorden, og botn synest for det meste å vere bratt skrånande nedover. Det er svært god djupne i det aktuelle området kor anlegget er plassert, og området omkring bør ha tilnærma uavgrensa resipientkapasitet og vere svært godt eigna til fiskeoppdrett.

Det undersøkte sjøområdet utanfor **Ospeneset** ligg i vassførekosten Austfjorden (fjordkatalog nr 02.61.04.03.00-2-C), og resipienten kan klassifiserast som mindre følsam iht. EUs avløpsdirektiv (Molvær m. fl. 2005). Austfjorden er oppført med ”**god**” økologisk tilstand (låg pålitelegheitsgrad) i Vanndirektiv databasen Vann-Nett.


Austfjorden er av typen *M3* = “**Beskyttet kyst/fjord**” basert på følgjande forhold:

- økoregion Nordsjøen nord
- Polyhalin 18 – 30 ‰
- Beskytta
- Delvis lagdelt med moderat opphaldstid for botnvatn
- Tidevatn <1meter

## OPPDRETTSLOKALITET OSPENESET

Lokaliteten Ospeneset har vore i drift sidan i slutten av april 2010, og er godkjent for ein MTB på 3120 tonn.

Anlegget består av to seksjonar, den indre seksjonen er eit kompakt Procean-anlegg med 6 stk 25x25 m bur. To og to bur er slått saman til tre stykk bur à 25x54 m. Den ytre seksjonen er eit Feeding-anlegg med 6 stk 25x25 m bur. Dei to inste bura er slått saman til eitt bur à 25x54 m, og dei fire yttarste bura er enkeltståande (**figur 2**). På anlegget sin kortende mot sørvest ligg det ein fôrflåte på rundt 5x25 m.



**Figur 2.** Oversyn over anlegget ved lokaliteten Ospeneset i Lindås kommune, med merdnummer (firkantar) Kartgrunlaget er henta frå <http://kart.fiskeridir.no/>.

Fôrforbruk og produsert mengde fisk i 2010 til 2014 har vore som følgjer (**tabell 2**):

**Tabell 2.** Anlegget sin driftshistorikk sidan oppstart.

	2010	2011	2012	2013	2014
Fôrmengde (tonn)	800	1286	1537	165	1919
Produksjon (tonn)	750	1119	1337	143	1670



## METODE OG DATAGRUNNLAG

MOM C-granskinga er gjennomført i høve til Norsk Standard NS 9410:2007 og består av ei skildring av botntilhøva i området rundt oppdrettslokaliteten Ospeneset i Lindås kommune. Granskinga skal avdekke miljøtilstanden i nærsona og overgangssona rundt anlegget, samt på ein fjernstasjon (**tabell 3**). Det er utført analyser av **sedimentkvalitet** og **blautbotnfauna**, i tillegg til **hydrografisk profil**. Vurdering av resultat er gjort i høve til NS 9410:2007 og Vassforskrifta sin rettleiar 02:2013 (Direktoratsgruppa for vanddirektivet).

**Tabell 3.** Oversyn over soneinndelinga i MOM-systemet. Tabellen skildrar påverknadskjelde og potensiell påverknad, samt kva type granskingar som inngår i overvakinga og kva slags miljøstandardtypar som vert brukt (frå NS 9410:2007).

	Nærsona	Overgangssone	Fjernstasjon
Definisjon	Område under og i umiddelbar nærleik til eit anlegg der det meste av større partiklar vanlegvis sedimenterer.	Område mellom nærsona og fjernsona der mindre partiklar sedimenterer. På djupe, strømssterke lokalitetar kan også større partiklar sedimentere her.	Område utanfor overgangssona.
Påverknads-kjelde	Akvakulturanlegget.	Akvakulturanlegget er hovudpåverkar, men andre kjelder kan ha betydning.	Akvakulturanlegget er ei av fleire kjelder.
Potensiell påverknad	Endringar i fysiske, kjemiske og biologiske forhold i botnen.	Vanlegvis mindre påverknad enn i nærsona.	Auka primærproduksjon og oksygenforbruk i djupvatnet. Oksygenmangel i resipientar med dårlig vassutskifting.
Gransking	Primært B	Primært C	C
Miljøstandard	Eigne grenseverdier gitt i NS 9410:2007, og Rettleiar vassdirektivet 02:2013	Eigne grenseverdier gitt i NS 9410:2007, og Rettleiar vassdirektivet 02:2013	Rettleiar vassdirektivet 02:2013

## SJIKTNING OG HYDROGRAFI


Hydrografiske tilhøve vart målt ned mot det djupaste i Austfjorden med ein SAIV CTD/STD sonde modell SD204 i posisjon N 60° 44,817', Ø 5° 16,462' (WGS 84) (**figur 3**). Det vart målt temperatur, saltinnhald og oksygen i vassøyla ned til botn på 670 meters djup på stasjon C3. Målingane vart utført den 2. juli 2014.

## SEDIMENTPRØVAR

Den 2. juli 2014 vart det tatt prøvar av sediment og botndyr på tre stasjonar ved og omkring lokaliteten Ospeneset, jf. **tabell 4**, **figur 3**. Prøvetaking er utført i høve til Norsk Standard NS-EN ISO 5667-19:2004 og NS-EN ISO 16665:2013. Det vart tatt prøvar av sediment på tre stasjonar. Stasjon C1 vart tatt i nærsona til lokaliteten, dvs inntil anlegget sin kortende mot nordaust kor det låg to tomme bur, og ca 30 meter frå merder med fisk i. (**figur 3**, **tabell 4**). Stasjon C2 vart tatt i overgangssona ca 170 m nordvest for anlegget sin kortende mot nordaust. Stasjon C3 (fjernstasjonen) vart tatt ned mot det djupaste i resipienten, ca 270 meter aust for anlegget sin kortende mot nordaust.

**Tabell 4.** Posisjonar (WGS 84) for stasjonane i samband med MOM C-granskinga ved og rundt lokaliteten Ospeneset i Lindås kommune den 2. juli 2014.

Stasjon:	C1	C2	C3
Posisjon nord	60° 44,787'	60° 44,848'	60° 44,821'
Posisjon aust	5° 16,152'	5° 16,000'	5° 16,462'
Djupne (m)	358	402	671



**Figur 3.** Stasjonane C1, C2 og C3 (gule sirkelar) og posisjon for sondeprofil (stjerne) i sjøområdet rundt lokaliteten Ospeneset 2. juli 2014. Kartgrunnlaget er henta frå: <http://kart.kystverket.no/>.

For gransking av blautbotnfauna vart det tatt to parallelle sedimentprøvar med ein 0,1 m<sup>2</sup> stor vanVeen-grabb på kvar av dei tre stasjonane (**figur 4**). Sedimentet i prøvane frå kvar av parallellane vart vaska gjennom ei rist med holdiameter på 1 mm, og attverande materiale vart fiksert med formalin tilsett bengalrosa og borax. Boksar med silt og fiksert materiale vart merka med stasjonsnamn, dato, prøvestad og prøve id, og sendt til Havbrukstjenesten AS for sortering og artsbestemming av botnfauna.

### KORNFORDELING OG KJEMI

Det vart tatt eit grabbhogg på kvar av dei tre stasjonane med ein 0,1 m<sup>2</sup> stor vanVeen-grabb for uttak av sedimentprøve for vurdering av sedimentkvalitet, dvs kornfordelingsanalyse og kjemiske analyser (tørstoff, glødetap, TOC, kopar og sink). Prøve for kjemiske analyse vart tatt frå den øvste centimeteren av grabbprøva, medan prøve for kornfordelingsanalyse vart tatt frå dei øvste 5 centimetrane. Analysar er utført av Eurofins Norsk Miljøanalyse Norge AS avd. Bergen.

Kornfordelingsanalysen måler den relative andelen av leire, silt, sand, og grus i sedimentet og vert utført gravimetrisk. Innhaldet av organisk karbon (TOC) i sedimentet vart analysert etter EN 13137, men for å kunne nytte klassifiseringa i frå SFT rettleiar (Molvær m. fl. 1997) skal konsentrasjonen av TOC i tillegg standardiserast for teoretisk 100 % finstoff etter følgjande formel, der F = andel av finstoff (leire + silt) i prøva:

$$\text{Normalisert TOC} = \text{målt TOC} + 18 \times (1-F)$$

Det vart og gjort sensoriske vurderingar av prøvematerialet og målt surleik (pH) og redokspotensial (Eh) i felt. Måling av pH i sedimentprøvane vart utført med ein WTW Multi 3420 med ein SenTix 980 pH-elektrode til måling av pH og ein SenTix ORP 900 platinaelektrode med intern referanseelektrode til måling av redokspotensial (Eh). pH-elektroden blir kalibrert med buffer pH 4 og 7 før kvar feltøkt. Eh-referanseelektroden gjev eit halvcellepotensial på +207 mV ved 25 °C, +217 mV ved 10 °C og +224 mV ved 0 °C. Halvcellepotensial tilsvarande sedimenttemperaturen på feltdagen vart lagt til avlest verdi før innføring i "prøveskjema" (**tabell 9**). Litt ulike halvcellepotensial ved ulike temperaturar ligg innanfor presisjonsnivået for denne type granskingar på ± 25 mV, som oppgitt i NS 9410:2007.

## BLAUTBOTNFAUNA

Det vert utført ei kvantitativ og kvalitativ gransking av makrofauna (dyr større enn 1 mm) for kvar enkelt parallell og for middelverdien av dei to parallellane og for kvar stasjon samla. Dette for å kunne stadfeste ein fullstendig miljøtilstand. I nær- og overgangssona skal botnfauna klassifiserast etter grenseverdiar i NS 9410:2007, medan fjernstasjonen skal klassifiserast etter rettleiar 02:2013 (**tabell 5 og 6**). Vurderinga av tilstand vert gjort ut frå klassifiseringssystem basert på ein kombinasjon av indeksar som inkluderer diversitet og tettleik (antal artar og individ) samt førekomst av sensitive og forureiningstolerante artar (sjå **tabell 5**). Det vert brukt seks ulike indeksar for å sikre best mogeleg vurdering av tilstanden på botndyr. Indeksverdien for kvar indeks vert vidare omrekna til nEQR (normalisert ecological quality ratio), og vert gjeve ein talverdi frå 0-1. Middelverdien av nEQR verdien for samtlege indeksar vert brukt til å fastsetje den økologiske tilstanden på stasjonen. Sjå rettleiar 02:2013 for detaljar om dei ulike indeksane.

**Tabell 5.** Klassifiseringssystem for blautbotnfauna basert på ein kombinasjon av indeksar (Klassifisering av miljøtilstand i vann, vegleiar 02:2013).

Indeks	type	Økologiske tilstandsklassar basert på observert verdi av indeks				
		svært god	god	moderat	dårlig	svært dårlig
Kvalitetsklassar →						
<b>NQI1</b>	samansatt	0,9 - 0,82	0,82 - 0,63	0,63 - 0,49	0,49 - 0,31	0,31 - 0
<b>H'</b>	artsmangfald	5,7 - 4,8	4,8 - 3	3 - 1,9	1,9 - 0,9	0,9 - 0
<b>ES<sub>100</sub></b>	artsmangfald	50 - 34	34 - 17	17 - 10	10 - 5	5 - 0
<b>ISI<sub>2012</sub></b>	ømfintligheit	13 - 9,6	9,6 - 7,5	7,5 - 6,2	6,1 - 4,5	4,5 - 0
<b>NSI</b>	ømfintligheit	31-25	25 - 20	20 - 15	15 - 10	10 - 0
<b>DI</b>	individtettheit	0 - 0,30	0,30 - 0,44	0,44 - 0,60	0,60 - 0,85	0,85 - 2,05
<b>nEQR tilstandsklasse</b>		<b>1-0,8</b>	<b>0,8-0,6</b>	<b>0,6-0,4</b>	<b>0,4-0,2</b>	<b>0,2-0,0</b>

### MOM C-indeks for botndyr

Frå heilt opp til eit utslepp og eit stykke utover i resipienten vil ein på grunn av den store lokale påverknaden ofte kunne finne få artar med ujamn individfordeling i prøvane. Følsame diversitetsindeksar blir då lite eigna til å angje miljøtilstand. I nærsona og overgangssona til lokaliteten (stasjonane C1 og C2) vert det difor i tillegg gjort ei vurdering på grunnlag av talet på artar og samansetnaden av artar etter nærare skildring i NS 9410:2007 (**tabell 6**).

**Tabell 6.** Grenseverdier nytta i nærsona til eit utslepp for vurdering av prøvestasjonen sin miljøtilstand (frå NS 9410:2007).

Miljøtilstand 1	-Minst 20 artar av makrofauna (>1 mm) utanom nematoder i eit prøveareal på 0,2 m <sup>2</sup> ; -Ingen av artane må utgjera meir enn 65 % av det totale individantalet.
Miljøtilstand 2	-5 til 19 artar av makrofauna (>1 mm) utanom nematoder i eit prøveareal på 0,2 m <sup>2</sup> ; -Meir enn 20 individ utanom nematoder i eit prøveareal på 0,2 m <sup>2</sup> ; -Ingen av artane må utgjera meir enn 90 % av det totale individantalet.
Miljøtilstand 3	-1 til 4 artar av makrofauna (>1 mm) utanom nematoder i eit prøveareal på 0,2 m <sup>2</sup> .
Miljøtilstand 4 (uakseptabel)	-Ingen makrofauna (>1 mm) utanom nematoder i eit prøveareal på 0,2 m <sup>2</sup>

### Geometriske klassar

Då botnfaunaen blir identifisert og kvantifisert, kan artane inndelast i geometriske klassar. Det vil seie at alle artane frå ein stasjon blir gruppert etter kor mange individ kvar art er representert med. Skalaen for dei geometriske klassane er I = 1 individ, II = 2-3 individ, III = 4-7 individ, IV = 8-15 individ per art, osv (**tabell 7**). For ytterlegare informasjon kan ein vise til Gray og Mirza (1979), Pearson (1980) og Pearson et. al. (1983). Denne informasjonen kan setjast opp i ei kurve kor geometriske klassar er presentert i x-aksen og antal artar er presentert i y-aksen. Forma på kurva er eit mål på sunnheitsgraden til botndyrsamfunnet og kan dermed brukast til å vurdere miljøtilstanden i området. Ei krapp, jamt fallande kurve indikerer eit upåverka miljø, og forma på kurva kjem av at det er mange artar, med heller få individ. Eit moderat påverka samfunn vil ha ei kurve som er meir avflata enn i eit upåverka miljø. I eit sterkt påverka miljø vil forma på kurva variere på grunn av dominerande artar som førekjem i store mengder, samt at kurva vil bli utvida med fleire geometriske klassar.

**Tabell 7.** Døme på inndeling i geometriske klassar.

Geometrisk klasse	Tal individ/art	Tal artar
I	1	15
II	2-3	8
III	4-7	14
IV	8-15	8
V	16-31	3
VI	32-63	4
VII	64-127	0
VIII	128-255	1
IX	256-511	0


## RESULTAT

### SJIKTNING OG HYDROGRAFI

Profilen viser at vassøyla var moderat ferskvasspåverka i overflatelaget der ein hadde eit rundt 10 m djupt lag som var noko varmare og mindre salt enn vassøyla forøvrig. Saltinnhaldet vart målt til 27,2 ‰ i overflata og steig relativt raskt til til 33,2 ‰ på 10 m djup. Herifrå steig saltinnhaldet gradvis til 34,9 ‰ på 50 m djup, og herifrå og nedover i vassøyla trefte ein på det stabile havvatnet kor saltinnhaldet låg på 35 ‰ og høgare frå 70 m djup og nedover til botnen på 670 m djup der saltinnhaldet vart målt til 35,3 ‰ (figur 4).

Temperaturen låg rundt 17 °C dei øvste 2,5 meterane i overflata, men frå 2,5 m djup fall temperaturen nokså bratt nedover til 8,1 °C på 10 m djup. Vidare nedover i vassøyla fall temperaturen til eit minimum på 7,3 °C på 14 m djup før temperaturen steig sakte opp mot eit nytt maksimum på 7,8 °C på 82 meters djup. Herifrå og nedover i vassøyla var temperaturen stabil og låg rundt 7,4 – 7,6 °C, og ved botnen på 670 m djup vart temperaturen målt til 7,4 °C.

I overflata var oksygeninnhaldet normalt høgt i høve til temperaturen og vart målt til 7,51 mg/l, noko som tilsvarar ei metting på 92 %. Oksygeninnhaldet steig til eit maksimum på 11,3 mg/l mellom 9 og 12 meters djup, og vidare nedover i vassøyla fall oksygeninnhaldet gradvis til 7,5 mg/l på 40 meters djup (79 % metting). Herifrå og nedover i vassøyla avtok oksygeninnhaldet svakt nedover til botn på 670 m djup der det vart målt 6,47 mg O/l (4,56 ml O/l og 68 % metting). For djupvatn tilsvarer dette tilstand I = "Svært god" (veglear 02:13).



**Figur 4.** Temperatur-, saltinnhald- og oksygenprofilar ved det djupaste i Austfjorden på stasjon C3 målt den 2. juli 2014.


## SEDIMENTKVALITET

### SKILDRING AV PRØVANE

**Stasjon C1** vart teken på om lag 358 m djup. Dei to parallellane var nokså like i struktur og samansetjing. Grabbane var nesten fulle av grått sediment med eit 0,5 cm gråsvart lag på toppen. Sedimentet var luktfritt og hadde mjuk konsistens (**figur 5, tabell 8**). Prøvane bestod i hovudsak av leire, silt, sand og litt grus. Sedimentkarakteristikk (NS 9410:2007) for dei to parallellane gav tilstand 2 = "god" (**tabell 9**).

**Stasjon C2** vart teken på om lag 402 m djup. Dei to parallellane var nokså like i struktur og samansetjing. Grabbane var høvesvis fulle og ca 1/3 full av grått sediment med eit brunlig slør på toppen. Sedimentet var luktfritt og hadde mjuk konsistens. Prøvane bestod i hovudsak av silt og sand, og leire. Sedimentkarakteristikk for dei to parallellane gav tilstand 1 = "meget god".

**Stasjon C3** vart teken på om lag 671 m djup. Dei to parallellane var nokså like i struktur og samansetjing. Grabbane var fulle av grått sediment med eit brunlig slør på toppen. Sedimentet var luktfritt og hadde mjuk konsistens. Prøvane bestod i hovudsak av silt og leire. Sedimentkarakteristikk for dei to parallellane gav tilstand 1 = "meget god".



**Figur 5.** Bilete av sediment frå stasjon C1 (oppe t.v.), C2 (oppe t.h.) og C3 (nede t.h.). Biletet nede til venstre syner prøve på stasjon C2 etter siling, og mengda materiale etter siling her er omtrent representativ for alle stasjonane.

**Tabell 8.** Feltskildring av sedimentprøvene som vart samla inn ved granskinga rundt lokaliteten Ospeneset 2. juli 2014.

Stasjon	C1 a-b	C2 a-b	C3 a-b
Grabbvolum (liter)	Nesten full	Full og 1/3 full	Full
Gassbobling i prøve	Nei	Nei	Nei
H <sub>2</sub> S lukt	Nei	Nei	Nei
Primær-sediment:			
Skjelsand	–	–	–
Grus	1 – 2 %	–	–
Sand	5 – 10 %	10 – 15 %	–
Silt	50 – 55 %	40 – 45 %	40 %
Leire	40 %	40 – 50 %	60 %
Mudder	–	–	–
Feltskildring av prøvane	Nesten fulle grabbar med grått og luktfritt materiale med eit ca 0,5 cm gråsvart lag på toppen og mjuk konsistens, beståande av sand, silt og leire ispedd litt grus. Begge parallellar var av same type.	Full og 1/3 full grabb med grått og luktritt materiale med eit brunlig slør på toppen, beståande av sand, silt og leire. Begge parallellar var av same type.	Full grabb med gråbrun og luktfritt materiale med eit brunlig slør på toppen, beståande av silt og leire. Begge parallellar var av same type. Det var påslag av Periphylla på tau frå rundt 400 meter og nedover

Opgjeven prosentdel av dei ulike fraksjonane i prøvane i **tabell 8** er basert på rein visuell observasjon og ikkje absolutte, målte verdiar. Dei prosentvise anslaga er meir ein indikasjon på kva for type sediment ein fann i prøvane. Resultat frå kornfordelingsanalyse er presentert nedanfor.

Nedbrytingstilhøva i sedimentet kan beskrivast ved hjelp av både surleik (pH) og elektrodepotensial (Eh). Ved høg grad av akkumulering av organisk materiale vil sedimentet verte surt og ha eit negativt elektrodepotensial. Sedimentet på stasjonen C1 nærast anlegget var moderat belasta med middels høge pH-verdiar og låge Eh-verdiar (negativt elektrodepotensial), medan sedimentet på stasjonane C2 og C3 var lite belasta, med middels høge og høge pH-verdiar og middels høge til høge Eh-verdiar. Begge parallellar og stasjon C1 samla hamna i tilstand 2, medan alle parallellar og stasjonane C2 og C3 samla hamna i tilstand 1 (**tabell 9**). Meir detaljert var det høgast Eh-verdiar i sedimentet på fjernstasjonen C3, medan stasjonane C2 låg midt i mellom og stasjon C1 nærast anlegget hadde lågaste Eh-verdiar.

Samla vurdering av sedimentkvalitet (middelverdi av gruppe II+III) gav tilstand 1 ("meget god") på stasjonane C2 og C3 og tilstand 2 ("god") på stasjon C1 (**tabell 9**).

**Tabell 9. PRØVESKJEMA for granskingane i dei ulike parallellane frå dei tre stasjonane rundt Ospeneset 2. juli 2014.**

Gr	Parameter	Poeng	Prøve nr								Indeks																							
			C 1a	C 1b	C 2a	C 2b	C 3a	C 3v																										
	Dyr	Ja=0 Nei=1	0	0	0	0	0	0	0			<b>0,00</b>																						
I	Tilstand gruppe I		<b>A</b>																															
II	pH	verdi	7,19	7,32	7,28	7,36	7,61	7,45				<b>1,00</b>																						
	Eh	verdi	-79	-71	56	223	72	187																										
	pH/Eh	frå figur	2	2	1	0	1	0																										
	Tilstand prøve		2	2	1	1	1	1																										
Tilstand gruppe II		<b>1</b>		Buffertemp: 14,4 °C Sjøvasstemp: 14,7 °C Sedimenttemp: 8,8 °C pH sjø: 7,84 Eh sjø: 323 mV Referanseelektrode: 217 mV																														
III	Gassbobler	Ja=4 Nei=0	0	0	0	0	0	0				<b>0,92</b>																						
	Farge	Lys/grå=0	1	1	0	0	0	0																										
		Brun/sv=2																																
	Lukt	Ingen=0	0	0	0	0	0	0																										
		Noko=2																																
		Sterk=4																																
	Konsistens	Fast=0																																
		Mjuk=2	2	2	2	2	2	2																										
		Laus=4																																
	Grabb- volum	<1/4 =0																																
		1/4 - 3/4 = 1				1																												
		> 3/4 = 2	2	2	2		2	2																										
	Tjukkelse på slamlag	0 - 2 cm =0	0	0	0	0	0	0																										
2 - 8 cm = 1																																		
> 8 cm = 2																																		
SUM:		5	5	4	3	4	4																											
Korrigert sum (*0,22)		1,1	1,1	0,88	0,66	0,88	0,88																											
Tilstand prøve		2	2	1	1	1	1																											
Tilstand gruppe III		<b>1</b>																																
II +	Middelverdi gruppe II+III		1,55	1,55	0,94	0,33	0,94	0,44				<b>0,96</b>																						
	Tilstand prøve		2	2	1	1	1	1																										
III	Tilstand gruppe II+III		<b>1</b>																															
<table border="1"> <tr> <td>“pH/Eh”</td> <td></td> </tr> <tr> <td>“Korr.sum”</td> <td></td> </tr> <tr> <td>“Indeks”</td> <td>Tilstand</td> </tr> <tr> <td>&lt; 1,1</td> <td>1</td> </tr> <tr> <td>1,1 - 2,1</td> <td>2</td> </tr> <tr> <td>2,1 - 3,1</td> <td>3</td> </tr> <tr> <td>&gt; 3,1</td> <td>4</td> </tr> </table>			“pH/Eh”		“Korr.sum”		“Indeks”	Tilstand	< 1,1	1	1,1 - 2,1	2	2,1 - 3,1	3	> 3,1	4	<table border="1"> <tr> <td colspan="2">“Tilstand”</td> <td>Lokalitetens tilstand</td> </tr> <tr> <td>Gruppe I</td> <td>Gruppe II &amp; III</td> <td></td> </tr> <tr> <td>A</td> <td>1, 2, 3, 4</td> <td>1, 2, 3, 4</td> </tr> <tr> <td>4</td> <td>1, 2, 3</td> <td>1, 2, 3</td> </tr> <tr> <td>4</td> <td>4</td> <td>4</td> </tr> </table>			“Tilstand”		Lokalitetens tilstand	Gruppe I	Gruppe II & III		A	1, 2, 3, 4	1, 2, 3, 4	4	1, 2, 3	1, 2, 3	4	4	4
“pH/Eh”																																		
“Korr.sum”																																		
“Indeks”	Tilstand																																	
< 1,1	1																																	
1,1 - 2,1	2																																	
2,1 - 3,1	3																																	
> 3,1	4																																	
“Tilstand”		Lokalitetens tilstand																																
Gruppe I	Gruppe II & III																																	
A	1, 2, 3, 4	1, 2, 3, 4																																
4	1, 2, 3	1, 2, 3																																
4	4	4																																
LOKALITETENS TILSTAND :										<b>1</b>																								




## KORNFORDELING OG KJEMI

Resultatet frå kornfordelingsanalysen syner at det var noko variable sedimenterende tilhøve på stasjonane ved lokaliteten Ospeneset. På den grunnaste stasjonen C1 var innhaldet av finsediment (silt og leire) 69,2 %, medan det var meir sedimenterende tilhøve på stasjonen C2 (89,6 %). På den djupaste stasjonen C3 på 671 meters djup var andelen finsediment på heile 99,6 % (**tabell 10, figur 6**).

**Tabell 10.** Tørrstoff, organisk innhald, kornfordeling og innhald av fosfor, nitrogen, kopar og sink i sedimentet frå tre stasjonar rundt Ospeneset 2. juli 2014. Tilstand er markert med tal og farge, som tilsvarar tilstandsklassifiseringa etter rettleiar 02:13 og TA 2229:2007.

Stasjon	Eining	C1	C2	C3
Leire & silt	%	69,2	89,6	99,4
Sand	%	30,6	9,7	0,6
Grus	%	0,2	0,7	0
Tørrstoff	%	40,6	35,3	30,6
Glødetap	%	9,76	13,8	15,1
TOC	mg/g	36,0	49,0	56,0
<b>Normalisert TOC</b>	mg/g	<b>41,5 (V)</b>	<b>50,9 (V)</b>	<b>56,1 (V)</b>
Total Fosfor	mg/g	1,0	0,81	0,84
Total Nitrogen (N)	mg/g	2,2	2,6	2,5
Kopar (Cu)	mg/kg	<b>62 (IV)</b>	<b>34 (II)</b>	<b>33 (II)</b>
Sink (Zn)	mg/kg	<b>110 (I)</b>	<b>96 (I)</b>	<b>110 (I)</b>



**Figur 6.** Kornfordeling av sedimentet på stasjonane C1, C2, og C3 rundt Ospeneset den 2. juli 2014. Figuren viser kornstorleik i mm langs x-aksen og høvesvis akkumulert vektprosent (linje) og andel (stolper) i kvar storleikskategori langs y-aksen. Vertikale linjer indikerar grense mellom leire/silt og sand, og mellom sand og grus.

Tørrstoffinnhaldet i sedimentprøvar vil kunne variere, med lågt innhald i prøvar med mykje organisk materiale, og høgare innhald i prøvar som inneheld mykje mineralsk materiale i form av primærsediment. Tørrstoffinnhaldet var lågt på fjernstasjonen C3 og middels høgt på stasjonane C1 og C2 (**tabell 10**).

Glødetapet var moderat høgt på stasjonen C1 og vart målt til 9,8 %. Glødetapet var noko forhøgja på stasjonane C2 og C3 med verdiar på høvesvis 13,8 og 15,1 %. Glødetapet angir mengda organisk stoff i sedimentet, der ein reknar med at det vanlegvis er 10 % eller mindre i sedimentar der det føregår normal nedbryting av organisk materiale. Høgare verdiar førekjem i sediment der det enten er så store tilførsler av organisk stoff at nedbrytinga ikkje greier å halde følge med tilførslene, eller i område der nedbrytinga er naturleg avgrensa av til dømes oksygenfattige forhold. I Fensfjorden er det gode oksygentilhøve i bassengvatnet året rundt og normale nedbrytingstilhøve for tilført organisk materiale, slik at dei noko høge glødetapsverdiane på dei djupaste stasjonane må tilskrивast andre tilhøve.

Innhaldet av normalisert TOC var høgt på samtlege stasjonar med verdiar mellom 41,5 og 56,1 mg C/g, noko som tilsvarar tilstandsklasse V= ”svært dårlig” (**tabell 10**). Normalisert TOC vert berre nytta som eit supplement til vurdering av blautbotnfauna for å få informasjon om organisk belastning (02:2013).

Innhaldet av organisk nitrogen og fosfor i sedimentet fortel og noko om nedbrytingstilhøva og omfanget av tilførsler til sedimentet. Det vart målt eit relativt lågt innhald av nitrogen med verdiar som låg mellom 2,2 og 2,6 mg N/g på stasjonane C1 – C3, noko som tilsvarer tilstandsklasse II = ”mindre god”. (Rygg og Thelín 1993). Ved gode nedbrytingsforhold er innhaldet av fosfor vanlegvis ein del lågare enn innhaldet av nitrogen, og resultatata samsvarer godt med dette på samtlege stasjonar og indikerer relativt gode nedbrytingsforhold i resipienten til anlegget.

Nivået av kopar var høgast på stasjon C1 nærast anlegget, med eit innhald på 62 mg/kg, og i høve til klassegrensene i rettleiar TA 2229:2007 tilsvarar dette tilstandsklasse IV= ”dårlig” (**tabell 9**). Nivået av kopar var lågare på stasjonane C2 og C3, med verdiar på høvesvis 34 og 33 mg/kg, og dette tilsvarar tilstandsklasse II= ”god”. Nivået av sink var jamt lågt på samtlege stasjonar og tilsvarte tilstand I = ”bakgrunn” (**tabell 10**).

## BLAUTBOTNFAUNA

Sortering og artsbestemming, utrekning av indeksar, samt vurdering og fortolking av resultat frå faunaprøvar er utført av Havbrukstjenesten AS (**vedlegg 2**).

### St C1

Vurdering av botnfauna i høve til grenseverdiane frå NS 9410:2007 viser at stasjon C1 hamna i beste tilstandsklasse (Miljøtilstand 1) på grunnlag av talet på artar og samansetnaden av artar.

Som grunnlag for faunagransking fekk ein opp høvesvis nesten fulle grabbar i begge parallellane. Gjennomsnittleg antal artar i dei to grabbane var innafor normalen i høve til vegleiar 02:2013, medan antal individ var høgare enn normalen (**tabell 11**). Normalt gjennomsnittleg artsantal er 25-75 artar per grabb, medan for individ er det 50-300 per grabb. Oftast førekommande art var den forureiningstolerante fleirbørstemakken *Paramphinoe jeffreysii* som utgjorde 49 % av det samla individantalet (**tabell 14**). Nest hyppigaste art var den forureiningstolerante pølseormen *Ochneosoma steentrupii* som utgjorde 8 % av det totale individtalet. Faunastrukturen uttrykt i geometriske klassar syner ei relativt jamn synkende kurve, men med eit par artar med høge individtal og dermed høge geometrisk klassar (**figur 7**).

NQI1-verdien,  $H'$ - verdien,  $ES_{100}$ , NSI - og ISI-indeksen for begge grabbane, gjennomsnittet ( $\bar{G}$ ) og stasjonsverdien ( $\bar{S}$ ) låg innanfor tilstandsklassen «god». DI-verdien for grabb A låg innanfor tilstandsklassen «god», grabb B innanfor «moderat» og  $\bar{G}$  og  $\bar{S}$  innanfor tilstandsklassen «moderat».

Basert på den samla verdien (gjennomsnittet av nEQR) for stasjon C1 ut i frå *veileder 02:2013 - Klassifisering av miljøtilstand i vann* totalt sett klassifisert i tilstandsklasse «god». Stasjonen står då fram som ikkje påverka av organiske materiale

**Tabell 11.** Artsantal ( $S$ ), individantal ( $N$ ), NQI1-indeks, artsmangfald uttrykt ved Shannon-Wieners ( $H'$ ) og Hurlberts indeks ( $ES_{100}$ ), jamnsleiksindeks ( $J$ ),  $H'_{max}$ , ISI-indeks, NSI-indeks og DI-indeks i grabb A og B på stasjon C1 ved Ospeneset i Stolsfjorden 9. og 10. april 2014. Hurlberts indeks er ikkje oppgitt i situasjonar med under 100 individ. Middelerverdi for grabb A og B angitt som  $\bar{G}$ , medan stasjonsverdien er angitt som  $\bar{S}$ . Til høgre for begge sistnemnte kolonner står nEQR-verdiane for desse størrelsane. Nedst i nEQR-kolonnene står middelerverdien for nEQR-verdiane for samtlege indeksar. I ruta nedst i tabellen sitt høgre hjørne står middelerverdien av de to berekningane av indeksane sin middel nEQR som angjev samla basis for stasjonen sin tilstandsklasse. Tilstandsklassar er angitt med farge, der blå = klasse I, grøn = II, gul = III, oransje = IV og raud = V (jf. **tabell 4**). Enkeltresultat er presentert i **vedlegg 2**.

St. C1	grabb A	grabb B	$\bar{G}$	$\bar{S}$	nEQR $\bar{G}$	nEQR $\bar{S}$
S	35	39	37,0	47		
N	271	363	317,0	634		
NQI1	0,703	0,688	0,695	0,697	0,669	0,671
$H'$	3,427	3,085	3,256	3,318	0,628	0,635
J	0,668	0,584	0,626	0,597		
$H'_{max}$	5,129	5,285	5,207	5,555		
$ES_{100}$	22,63	22,09	22,36	22,68	0,663	0,667
ISI <sub>2012</sub>	8,870	8,469	8,670	8,611	0,711	0,706
NSI	21,290	21,381	21,336	21,342	0,653	0,654
DI	0,383	0,510	0,446	0,446	0,592	0,592
Samla					0,653	0,654

## St C2

Vurdering av botnfauna i høve til grenseverdier frå NS 9410:2007 viser at stasjon C2 hamna i beste tilstandsklasse (Miljøtilstand 1) på grunnlag av talet på artar og samansetnaden av artar.

Som grunnlag for faunagransking fekk ein opp nesten full grabb i begge parallellar. Gjennomsnittleg tal artar i dei to grabbane var innafor normalen i høve til vegleiar 02:2013, medan tal individ var høgare enn normalen (**tabell 12**). Oftast førekommande art var den forureiningsømfintlege pølseormen *Ochneosoma steentrupii* med 15 % av individalet, etterfølgt av den forureiningstolerante fleirbørstemakken *Pseudopolydora paucibranchiata* som utgjorde 10 % av det samla individantalet. Faunastrukturen uttrykt i geometriske klassar syner ei relativt jamn synkende kurve med mange artar representert med få individ.

NQI1-verdien for grabb A låg innafor tilstandsklassen «svært god» og grabb b innafor tilstandsklassen «god».  $\bar{G}$  og  $\bar{S}$  låg innanfor tilstandsklassen «god».  $H'$ - verdien for begge grabbane og gjennomsnittet  $\bar{G}$  låg innanfor tilstandsklassen «god». Stasjonsverdien  $\bar{S}$  låg innafor tilstandsklassen «svært god».  $ES_{100}$ -indeksen for grabbA låg innanfor tilstandsklassen «svært god», grabb B innanfor tilstandsklassen «god». Gjennomsnitt  $\bar{G}$  og stasjonsverdi  $\bar{S}$  låg høvesvis innanfor tilstandsklassen «god» og «svært god».

ISI indeksen for begge grabbane,  $\bar{G}$  og  $\dot{S}$  låg innanfor tilstandsklassen «svært god». NSI-verdien for grabb A låg innafor tilstandsklassen «svært god» grabb B,  $\bar{G}$  og  $\dot{S}$  låg innanfor tilstandsklassen «god». DI-verdien for begge grabbane,  $\bar{G}$  og  $\dot{S}$  låg innanfor tilstandsklassen «god».

Basert på den samla verdien (gjennomsnittet av nEQR) for stasjon C2 ut i frå *veileder 02:2013 - Klassifisering av miljøtilstand i vann* totalt sett klassifisert i tilstandsklasse «god». Stasjonen står då fram som ikkje påverka av organiske materiale

**Tabell 12.** Artsantal (S), individantal (N), NQI1-indeks, artsmangfald uttrykt ved Shannon-Wieners ( $H'$ ) og Hurlberts indeks ( $ES_{100}$ ), jamnsleiksindeks (J),  $H'_{max}$ , ISI-indeks, NSI-indeks og DI-indeks i grabb A og B på stasjon C2 ved Ospeneset i Austfjorden 2. juli april 2014. Enkeltresultat er presentert i vedlegg 2.

St. C2	grabb A	grabb B	$\bar{G}$	$\dot{S}$	nEQR $\bar{G}$	nEQR $\dot{S}$
S	53	47	50,0	68		
N	233	261	247,0	494		
NQI1	0,823	0,776	0,799	0,806	0,778	0,785
$H'$	4,797	4,497	4,647	4,917	0,783	0,826
J	0,838	0,810	0,824	0,808		
$H'_{max}$	5,728	5,555	5,641	6,087		
$ES_{100}$	35,64	30,86	30,86	34,96	0,763	0,812
ISI <sub>2012</sub>	10,070	9,625	9,848	10,651	0,815	0,862
NSI	25,536	23,147	24,341	24,280	0,774	0,771
DI	0,317	0,367	0,342	0,342	0,740	0,740
<b>Samla</b>				0,787	0,775	0,799

### St C3

Som grunnlag for faunagransking fekk ein opp full grabb i begge parallellar. Gjennomsnittleg tal artar og individ i dei to grabbane var innafor normalen i høve til vegleiar 02:2013 (**tabell 13**). Oftast førekommande art var den forureiningstolerante muslingen *Abra nitida* som utgjorde 31 % av individtalet, etterfølgd av den forureiningstolerante muslingen *Thyasira equalis* med 11 % av individtalet. Faunastrukturen uttrykt i geometriske klassar syner ei relativt jamn synkende kurve, men med færre artar enn dei to føregåande stasjonane. Dei fleste artane er representert med få individ, men med eit par artar med noko høgare individtal.

NQI1-verdien, ISI-indeksen, NSI-verdien og DI for begge grabbane,  $\bar{G}$  og  $\dot{S}$  låg innanfor tilstandsklassen «god».  $H'$ - verdien for grabb A låg innanfor tilstandsklassen «moderat», grabb B og  $\bar{G}$  og  $\dot{S}$  låg innanfor tilstandsklassen «god».  $ES_{100}$ - verdien for grabb A låg innanfor tilstandsklassen «moderat», grabb B og  $\bar{G}$  og  $\dot{S}$  låg innanfor tilstandsklassen «god».

Basert på den samla verdien (gjennomsnittet av nEQR) for stasjon C3 ut i frå *veileder 02:2013 - Klassifisering av miljøtilstand i vann* totalt sett klassifisert i tilstandsklasse «god». Stasjonen står då fram som ikkje påverka av organiske materiale.

Vurdering av botnfauna i høve til grenseverdier frå NS 9410:2007 viser at stasjon C3 hamna i beste tilstandsklasse (Miljøtilstand 1) på grunnlag av talet på artar og samansetnaden av artar.


**Tabell 13.** Artsantal (*S*), individantal (*N*), *NQI1*-indeks, artsmangfold uttrykt ved Shannon-Wieners (*H'*) og Hurlberts indeks (*ES100*), jamnsleiksindeks (*J*), *H'*<sub>max</sub>, *ISI*-indeks, *NSI*-indeks og *DI*-indeks i grabb A og B på stasjon C ved Ospeneset i Austfjorden 2. juli 2014.

St. C3	grabb A	grabb B	$\bar{G}$	$\bar{S}$	nEQR $\bar{G}$	nEQR $\bar{S}$
S	13	27	20,0	32		
N	44	204	124,0	248		
<b>NQI1</b>	0,721	0,683	0,702	0,708	0,676	0,682
<b>H'</b>	2,875	3,620	3,247	3,858	0,627	0,695
J	0,777	0,761	0,769	0,772	0,777	0,761
<b>H'</b> <sub>max</sub>	3,700	4,755	4,228	5,000	3,700	4,755
<b>ES<sub>100</sub></b>	13,00	21,98	17,49	23,84	0,606	0,680
<b>ISI<sub>2012</sub></b>	9,422	8,863	9,142	8,981	0,756	0,741
<b>NSI</b>	22,190	22,995	22,593	22,860	0,704	0,714
<b>DI</b>	0,407	0,260	0,333	0,333	0,753	0,753
<b>Samla</b>				0,707	0,703	0,711

Av dei 10 artane med høgast individtal var det sju samanfallande artar på stasjon C1 og C2, med noko ulik fordeling i mengde (**tabell 14**). Fleirbørstemakken *Paramphinome jeffreysii* utgjorde omtrent halvparten av individtalet på stasjon C1. Tilhøvet mellom muslingar og fleirbørstemakk var omtrent jamt fordelt blant dei ti mest førekommande artane på samtlige stasjonar.

**Tabell 14.** Dei ti mest dominerande artane av botndyr tekne på stasjon C1-C3 ved Ospeneset i Austfjorden 2. juli 2014.

St C1				St C2			
Taxa	%	Kum %		Taxa	%	Kum %	
<i>Paramphinome jeffreysii</i>	49,05	82,65		<i>Onchnesoma steenstrupii</i>	14,57	62,15	
<i>Onchnesoma steenstrupii</i>	7,73	33,60		<i>Paramphinome jeffreysii</i>	10,12	47,57	
<i>Thyasira equalis</i>	4,57	25,87		<i>Kelliella miliaris</i>	6,88	37,45	
<i>Thyasira sarsi</i>	4,42	21,29		<i>Thyasira equalis</i>	6,28	30,57	
<i>Mytilus edulis</i>	4,26	16,88		<i>Notomastus latericeus</i>	5,87	24,29	
<i>Capitella capitata</i>	3,31	12,62		<i>Thyasira sarsi</i>	5,47	18,42	
<i>Notomastus latericeus</i>	2,84	9,31		<i>Aphelochaeta sp.</i>	3,85	12,96	
<i>Abra nitida</i>	2,37	6,47		<i>Irregularia indet.</i>	3,64	9,11	
<i>Pectinaria belgica</i>	2,05	4,10		<i>Abra nitida</i>	2,83	5,47	
<i>Nucula tumidula</i>	2,05	2,05		<i>Nucula tumidula</i>	2,63	2,63	
St C3							
Taxa	%	Kum %		Taxa	%	Kum %	
<i>Abra nitida</i>	31,45	77,42					
<i>Thyasira equalis</i>	10,89	45,97					
<i>Kelliella miliaris</i>	5,65	35,08					
<i>Spiochaetopterus typicus</i>	5,65	29,44					
<i>Notomastus latericeus</i>	4,84	23,79					
<i>Nucula tumidula</i>	4,84	18,95					
<i>Abra longicallus</i>	4,44	14,11					
<i>Galathowenia oculata</i>	4,03	9,68					
<i>Neoleanira tetragona</i>	2,82	5,65					
<i>Terebellides stroemii</i>	2,82	2,82					



**Figur 7.** Faunastruktur uttrykt i geometriske klassar for stasjonane C1-C3 tekne 2. juli 2014 ved oppdrettslokaliteten Ospeneset. Antal artar langs y – aksen og geometriske klassar langs x- aksen.

## TILHØVET TIL NATURMANGFALDLOVA

Denne resipientgranskinga tek utgangspunkt i forvaltningsmålet nedfesta i naturmangfaldlova (§§ 4-5), og kunnskapsgrunnlaget er vurdert som ”godt” (§ 8) slik at føre var prinsippet ikkje er naudsynt i denne samanhengen (§ 9). Resipientgranskinga vurderer verknader av oppdrettsverksemda, samt om resipienten har kapasitet til auka belastningar på økosystemet og det registrerte naturmiljøet i resipienten (§ 10). Oppdrettar legg vinn på å drive anlegget slik at skadar på naturmangfaldet så langt mogleg vert avgrensa, og ein søkjer å oppnå det beste samfunnsmessige resultat ut frå ei samla vurdering av både naturmiljø og økonomiske tilhøve (§ 12).

## VURDERING AV TILSTAND

### HYDROGRAFI

Profilen frå det djupaste i Austfjorden synar god oksygenmetting i heile vassøyla frå overflata og til botn i Austfjorden, noko som heng saman med at fjorden er djup heilt ut mot havet, med grunnaste parti mellom Mongstad og Sandøy på ca 370 meter. Dette sikrar kontinuerleg gode utskiftings- og oksygentilhøve året rundt i Austfjorden.

Tidlegare oksygenmålingar viser omtrent identiske tilhøve i djupvatnet i Fensfjorden. I januar 2010 vart det utanfor Ådnøy om lag 3 km lenger ut i fjordbassenget målt eit oksygeninnhald ved botn på 670 m djup på 6,86 mg O/l (4,83 ml O/l og 72 % metting) (Staveland og Eilertsen 2010). Tilsvarende vart det i august 2010 utanfor Langøy om lag 7 km lenger ut i fjordbassenget målt eit oksygeninnhald ved botn på 574 m djup på 7,2 mg O/l (5,07 ml O/l og 74 % metting) (Staveland og Brekke 2010). Dette stadfestar at anlegget ved Ospeneset ligg i tilknytning til ein resipient som er lite sårbar og påverkbær for organiske tilførselar og som har tilnærma uavgrensa resipientkapasitet.

### SEDIMENTKVALITET

Resultatet frå kornfordelingsanalysen syner at det var noko variable sedimenterande tilhøve på stasjonane i resipienten til anlegget ved Ospeneset der andelen finstoff (leire og silt) var middels høgt på stasjon C1 og høgt på stasjonane C2, og C3 ved det djupaste punktet i resipienten. Dette avspeglar også glødetapsmålingane som viste at innhaldet av organisk stoff i sedimentet var lågast på stasjon C1 og høgast på stasjonane C2 og C3, men nivået var ikkje høgare enn at det på alle tre stasjonane truleg føregår normal nedbryting av organisk materiale. Innhaldet av normalisert TOC var høgt på samtlege stasjonar, men det vil ikkje bli lagt stor vekt på tilstandsklassene til normalisert TOC då det ikkje lenger skal nyttast som eit eige kvalitetselement i stadfesting av den økologiske tilstanden, men hovudsakelig som støtteparameter til blautbotnfauna granskingar (veglear 02:13).

Det er heilt vanleg å finne eit forhøgja glødetapsnivå på djupvasstasjonar i fjordar kor det likevel er gode oksygentilhøve elles føregår normal nedbryting av organisk materiale og er gode tilhøve for blautbotnfauna. Unfob (Sam marin) fant i 2009 eit glødetapsnivå på høvesvis 10 og 12,9 % på stasjonane Mo 53 og 61 utanfor Mongstad på høvesvis 330 og 470 meters djup i Fensfjorden. Det var samstundes god oksygenmetting til botnen, og kvaliteten på blautbotnfaunaen (Shannon Wiener) tilsvarte høvesvis tilstand I= ”meget god” og tilstand II= ”god” på stasjonane Mo 53 og 61 (Johansen og Heggøy 2009). Tilhøva på desse to djupstasjonane var omlag som ved dei førre granskingane utanfor Mongstad sidan 90 talet.

Nivået av kopar var høgast på stasjon C1 nærast anlegget, men allereie høvesvis 170 og 270 meter frå anlegget på stasjonane C2 og C3 var nivået av kopar relativt lågt. Kopar er vanleg brukt til notimpregnering, slik at dette nok kan forklare det noko forhøgja nivået i sedimentet nær anlegget. Nivået av sink var lågt på samtlege stasjonar tilsvarande beste tilstandsklasse. Andre målte parametrar viste òg at i ein avstand på 30 m frå anlegget og til det djupaste i resipienten, er det eit naturleg friskt og lite påverka sediment.

Det er gjort ei MOM B gransking på lokaliteten i 2014 (Tverberg 2014) som viste til beste tilstandsklasse (tilstand 1) på prøvetakingstidspunktet. MOM B granskinga vart utført under utslakting.

## BLAUTBOTNFAUNA

Blautbotnfaunaen framstår som upåverka på samtlege stasjonar. Blautbotnfaunaen viser til svært gode tilhøve på stasjonane i nær- og overgangssona i høve til NS 9410:2007 og gode tilhøve på samtlege stasjonar i høve til vegleiar 02:2013.

## KONKLUSJON

Oppdrettslokaliteten Ospeneset ligg i ytre del av Austfjorden litt nord for Sævråsvåg om lag 80 m frå land i lengderetning nordaust – sørvest. Under anlegget er det om lag 120 – 350 m djupt, og botn skrår bratt nedover i anlegget si lengderetning mot nordaust. MOM C granskinga syner at det er gode tilhøve med omsyn på oksygen i botnvatn, sedimentkvalitet og for blautbotnfauna ved og i området rundt lokaliteten Ospeneset. Oppdresttverksemda har liten negativ påverknad på resipienten og syner at Austfjorden har god kapasitet til omsetting av organiske tilførselar.

**Tabell 15.** Oppsummering av miljøtilstand for ulike målte parametrar på stasjon C1-C3 i resipienten til Ospeneset 2. juli 2014. Gjeldande parametrar for miljøtilstand ved lokaliteten har fargekodar. Vurdering av botnfauna i nær- og overgangssona er i høve til NS 9410:2007, medan rettleiar 02:2013 er gjeldande for fjernstasjonen. Fargekodar tilsvarar tilstandsklassifisering etter rettleiar 02:2013, tilstand I (blå), II (grøn), III (gul), IV (oransje) til V (raud). Soneinndeling for kvar stasjon er markert som n= nærsone, o = overgangssone, f = fjernstasjon.

Stasjon	NS 9410:2007			Rettleiar 02:2013				
	pH/Eh	Fauna	Miljø-tilstand	TOC	O <sub>2</sub> botn	nEQR grabb	nEQR stasjon	Økologisk tilstand
C1 (n)	I	I	Meget god	V	-	0,653	0,654	God
C2 (o)	I	I	Meget god	V	-	0,775	0,799	God
C3 (f)	I	I	Meget god	V	1	0,703	0,711	God



## REFERANSAR

**BAKKE, T., G. BREEDVELD, T. KÄLLQVIST, A. OEN, E. EEK, A. RUUS, A. KIBSGAARD, A. HELLAND & K. HYLLAND 2007.**

Veileder for klassifisering av miljøkvalitet i fjorder og kystfarvann – Revisjon av klassifisering av metaller og organiske miljøgifter i vann og sedimenter.

*SFT Veileder. TA-2229/2007. 12 sider.*

**BOTNEN, H., E. HEGGØY, P.J. JOHANNESSEN, P-O. JOHANSEN, G. VASSENDEN 2007.**

Miljøovervåking av olje og gassfelt i Region II i 2006.

*UNIFOB- Seksjon for anvendt miljøforskning. Bergen, mars 2007. 72s.*

**DIREKTORATSGRUPPA VANNDIREKTIVET 2013.**

*Veileder 02:2013 Klassifisering av miljøtilstand i vann.*

**GRAY, J.S., F.B MIRZA 1979.**

A possible method for the detection of pollution-induced disturbance on marine benthic communities. *Marine Pollution Bulletin 10: 142-146.*

**JOHANSEN, P.O & E. HEGGØY 2009.**

Overvåking av marinbiologiske forhold ved Statoils produksjonsanlegg på Mongstad i 2009. SAM e-rapport nr 12 – 2009.

**KUTTI, T., P.K. HANSEN, A. ERVIK, T. HØISÆTER & P. JOHANNESSEN 2007.**

Effects of organic effluents from a salmon farm on a fjord system. II. Temporal and spatial patterns in infauna community composition. *Aquaculture 262, 355-366.*

**MOLVÆR, J., J. KNUTZEN, J. MAGNUSSON, B. RYGG, J. SKEI & J. SØRENSEN 1997.**

Klassifisering av miljøkvalitet i fjorder og kystfarvann.

